



STRYN KOMMUNE

Bustadtilskot til etablering i eigen bustad

Stryn kommune sine retningsliner for tildeling

1 Formål

Tilskot skal hjelpe særleg vanskelegstilte husstandar med svak økonomi ved bustadetablering.

2 Kven kan få tilskot

- Enkeltpersonar med fysisk eller psykisk funksjonshemming og varige økonomiske vanskar, låg inntekt og ingen eller låg eigenkapital
- Særleg vanskelegstilte husstandar som er i ein sosial krisesituasjon eller under sosial rehabilitering/integrering
- Husstandar med særskilt bustadbehov

Tildeling av tilskot vil vere avhengig av om det er disponible kommunale midlar tilgjengeleg.

Tildeling av tilskot vert gjort etter ei økonomisk behovsprøving og det vert lagt vekt på husstanden sin samla situasjon og økonomi. I vurderinga skal det m.a. leggest vekt på om potensialet med lenger nedbetalingstid eller avdragsfriheit på startlån er godt nok utnytta. Størrelsen på tilskotet skal vurderast utifrå tilgjengelege midlar og ei heilheitsvurdering av behov og moglegheiter for støtte frå andre offentlege ordningar.

Bustadtilskot vert normalt berre tildelt ein gong.

3 Kva får ein tilskot til

Til heil eller delvis dekning av eigenkapital i samband med oppføring, kjøp eller større utbetring av bustad.

4 Søknad og saksgang

Søknad om tilskot til etablering skal sendast saman med søknad om startlån eller annan finansiering. Økonomiske opplysningar og opplysningar om forventta framtidig inntektsutvikling, skal leggest ved søknaden, saman med ev legeerklæring og/eller sosialrapport.

5 Tryggleik for tilskotet

Tilskotet større enn 40 000,- vert å sikre ved tinglyst pant. Tilskotet skal ha prioritet etter annan lånefinansiering som vert ytt i samband med bustaden.

6 Utbetaling

Tilskotet kan utbetalast når tilfredstillande sikkerheit er etablert, bustaden er overteken/prosjektet er fedigstilt og søkjar har dokumentert at kostnadane er påløpt og fakturert.

7 Krav om tilbakebetaling

Tildelt tilskot over kr 40 000,- kan krevast tilbakebetalt heilt eller delvis, eller bli omgjort til lån, dersom bustaden vert overdregen eller nytta til anna husstand/formål enn føresetnaden. Avskrivningstida er 10 år.

I særlege tilfelle, for eksempel ved sal av bustad som fører til tap, kan kravet om tilbakebetaling av tilskot fråfallast.

8 Klagerett

Det er klagerett på vedtak om tilskot til etablering jf. Forvaltningslova. I klagen skal det gjerast greie for kva det vert klaga på og kva endring ein ønskjer. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Dersom det ikkje vert gjeve medhald i klaga, vert den å sende til vidare klagehandsaming i kommunen.